



VAKRE VEGAR

Vegdirektøren sin pris

STATUTTAR

- 1 Vegdirektøren sin pris er oppretta og vert utdelt av Vegdirektoratet ved vegdirektøren.

Prisen er ein heiderspris for anlegg med gode estetiske kvalitetar tilpassa omgjevnadene. Det kan vere vegar, gater bruer, tunnelar eller tilhøyrande anlegg og utstyr. Anlegget må vere ein del av det offentlege vegnettet.

Prisen kan tildelast heile eller delar av eit anlegg.

Det er ein føresetnad at kvalifiserte prisobjekt ei heilskapleg utforma i høve til omgjevnadene, og fungerer godt for sine formål med tanke på trafikktryggleik, framkomst og teknologi og drift- og vedlikehald.
- 2 Vegdirektøren sin pris består av ein plakett med innskrift som skal settast opp på anlegget og eit diplom til prisvinnaren.

I tillegg kan det knytast eit stipend til prisen – som skal nyttast til reise. Stipendet skal gje inspirasjon til vidareutvikling av ideen gjennom å studere liknande prosjekt i andre land. Den som får stipend skal formidle utbyttet av reisa gjennom fordrag artiklar eller liknande.
- 3 Vegdirektøren sin pris kan ikkje søkast. Vinnaren vert utpeikt av ein jury. Forslagsretten er open, men juryen kan også innhente forslag gjennom offentlege etatar i kommunar, fylker, staten og andre instansar.

Prisen kan tildelast offentlege etatar, private bedrifter, organisasjonar eller enkelt personar.
- 4 Prisen vert normalt utdelt anna kvart år. Vegdirektøren eller juryen kan bestemme at prisen ikkje skal delast ut, dersom dei ikkje finn forslaga gode nok. Vegdirektøren avgjer når det skal vere utdeling, og har ansvaret for at juryen vert oppnemnt. Juryen skal oppnemnast minst eitt halvt år før prisen skal delast ut.
- 5 Vegdirektoratet er sekretariat for prisen. I sekretariatet skal det vere to personar med estetisk fagkompetanse for å hjelpe juryen i arbeidet. Sekretariatet er ansvarleg for det praktiske arbeidet i samband med prisen.

- 6 Juryen skal vere samansett av åtte medlemmar. Vegdirektøren, Norske landskapsarkitekters foreining (NLA), Norske arkitekters landsforbund (NAL), Teknisk-naturvitenskapelig foreining (TEKNA), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Riksantikvaren og Kunst i offentleg rom (KORO) oppnemner kvar eitt jurymedlem med personleg vararepresentant. Vegdirektøren utpeikar leiar av juryen. Funksjonstida for kvart jurymedlem er over to utdelingar. Medlemmer kan gjenoppnemnast for ei prisutdeling. I høve fråfall eller at eit jurymedlem er ugild skal vararepresentanten møte.
- 7 Juryen skal gje ei skrifteleg utgreiing for tildelinga av prisen.
- 8 Vegdirektøren avgjer etter samråd med juryformannen arrangement i samband med prisutdelinga. Alle utgifter i samband med juryen sitt arbeid og utdeling av prisen vert dekt av Vegdirektoratet. Juryen sine medlemmar mottek ikkje honorar for å utføre sine verv.